

Fra: Kristine Langøy (Kristine.Langoy@hfk.no)
Sendt: 03.02.2016 13:51:13
Til: Kristine Langøy
Kopi:

Emne: VS: Innsyn - status/førebels svar

Vedlegg: image001.png;Konkurranses grunnlag kvalitetssikring av kostnadsanslag.pdf;Tildelingsbrev
Kvalitetssikring av kostnadsoverslag - Atkins Norge AS.DOCX;Vedlegg A - Kravspesifikasjon.pdf

Fra: Håkon Rasmussen
Sendt: 29. januar 2016 15:28
Til: 'linga@hf.no'
Kopi: Bente Utne
Emne: VS: Innsyn - status/førebels svar

Hei

Her er svar på spørsmåla dine, skrive inn med raudt i teksten under.

Når det gjeld formell klage på innsyn i Kvalitetssikringsrapporten, vil vi sende sak til Fylkesmannen på måndag.

Helsing, Håkon

Håkon Rasmussen

Fylkesdirektør samferdsel



www.hordaland.no

Tlf: 55 23 93 50

Mobil: 48 29 80 90

Epost: hakon.rasmussen@hfk.no

Hei.

Takk for tilbakemelding og tilsende dokument i e-post 11. januar.

Eg har fyrst nokre spørsmål:

- Kvifor var ikkje desse dokumenta å finna i den fylkeskommunale postlista då me leita etter dei før me tok kontakt med Dykk?

1 Samferdselsavdelinga overtok HFK sitt ansvar for Kvammapakken frå sommaren 2015. Tidlegare har HFK basert seg på at SVV fører offentleg journal, og vedkomande sakshandsamar i SVV har hatt permisjon i størstedelen av 2015, så dette har nok falle mellom fleire stolar. Derfor oppretta samferdselsavdelinga sak og førde dei aktuelle dokumenta i ettertid.

- Eg bed om å få tilsendt all korrespondanse med Atkins i samband med tildelinga av rapportoppdraget, herunder skildringa av oppdraget. Eg fann heller ikkje dette i postlista, men tek høgd for at eg kan ha oversett noko. Dersom eg ikkje har oversett dokumenta, kvifor er dei ikkje journalførte?

2 Her gjeld sak 2015/09269 Kvalitetssikring av kostnadsoverslag. Registreringa ligg også her litt på etterskot. Kjøpet var ein rammeavtale, der kvalitetssikring av prosjekt i Kvammapakken samt kostnadsanslag av Håfjellstunellen var første avrop.

Vi sender vedlagt tre dokument:

Konkurransesgrunnlag

Tildelingsbrev Atkins

Kravspesifikasjon

I tillegg vil eg nytta meg av retten til å klaga på avslaget på førespurnaden om innsyn i utkastet til kvalitetssikringsrapport frå Atkins.

3 Vi ser på dette som ein formell klage. Vi arbeider med denne, og tek sikte på å kunna oversenda denne til Fylkesmannen måndag 1.2.16. Du vil få kopi av dette dokumentet.

Kravet om innsyn er avslått etter § 5 (2): «Organet kan fastsetje at det i ei bestemt sak først skal vere innsyn frå eit seinare tidspunkt i saksførebuinga enn det som følgjer av §§ 3 og 4, såframt det er grunn til å tru at dei dokumenta som ligg føre, gir eit direkte misvisande bilete av saka, og at innsyn derfor kan skade klare samfunnsmessige eller private interesser.»

Me meiner det ikkje finst gode grunnar til å nekta ålmenta innsyn i rapporten allereie no, og trur ikkje det vil ha store konsekvensar om han vert offentleggjord. Den offentlege interessa for Kvammapakken er stor, og etter vårt syn er det ikkje forbunde nokon risiko med, men er eit gode, å få ut mest mogeleg informasjon så tidleg som råd. Pressa vil sjølvsagt handsama rapporten som eit rapportutkast, og forstår ikkje kvifor det er problematisk at slike utkast vert offentleg kjende. Me kan ikkje sjå at det finst interesser som vert skadelidande av offentleggjering før heller enn etter at styringsgruppa har vurdert dokumentet.

Me viser til rettleiaren til offentleglova:

«Vilkåra for å utsetje innsynstidpunktet etter denne føresegna er svært strenge. Den tilsvarande føresegna i offentlegheitslova 1970 § 4 vart lite brukt.

To vilkår må begge vere oppfylde for at tidpunktet for innsyn skal kunne utsetjast etter fyrste ledd. For det fyrste må det vere grunn til å tru at dokumenta som ligg føre på tidpunktet det er aktuelt å bruke føresegna, gir eit direkte misvisande bilete av saka. Det er dokumenta i seg sjølv som må gi eit misvisande bilete. At det er grunn til å tru at pressa eller andre, uavhengig av innhaldet i dokumenta, vil gi ei skeiv framstilling av saka, gir ikkje grunnlag for å nekte innsyn. Det er heller ikkje nok at dokumenta gir eit noko ubalansert eller eit ikkje fullstendig bilete av kva saka dreier seg om. Det krevst at dokumenta gir eit kvalifisert misvisande bilete, og det er det samla inntrykket som er avgjerande.

Dersom eitt av dei dokumenta som ligg føre gir eit klart misvisande bilete, men dette blir balansert ved hjelp av dei andre dokumenta i saka, vil såleis vilkåret ikkje vere oppfylt. Etter kvart som det kjem til fleire dokument i saka, kan det vere at dei samla sett ikkje lenger gir eit klart misvisande bilete, og det vil då ikkje vere høve til å nekte innsyn med heimel i fyrste ledd. Det kan i denne vurderinga ikkje takast omsyn til at opplysningar i dokument som det blir nekta innsyn i etter andre føresegner eventuelt ville balansert det

biletet dei andre dokumenta i saka gir.

For det andre er det eit vilkår for å utsetje innsynstidspunktet etter § 5 fyrste ledd at innsyn kan skade klare samfunnsinteresser eller private interesser. Skaden må ventast å oppstå fordi dokumenta gir eit direkte misvisande bilete av saka. Dersom offentleggjering av dokumentet vil føre til skade av andre grunnar, vil det ikkje vere høve til å utsetje innsynstidspunktet etter denne føresegna. Skadeverknadene må vidare gjelde klare samfunnsinteresser eller private interesser, og det må vere ein konkret fare for ein ikkje uvesentleg skade på desse interessene.

Tilfelle der det kan vere aktuelt å bruke denne føresegna, kan til dømes vere på eit tidleg stadium i saker der nokon rettar grove skuldingar mot ein bestemt tenestemann i eit forvaltningsorgan eller mot private. Føresegna vil etter omstenda òg kunne brukast på eit tidleg stadium i tenestemannssaker om avskil eller liknande og i granskingssaker."

Me minner om plikta til å utøva meirinnsyn, og meiner dn offentlege interessa veg tyngre enn samfunnsmessige eller privat omsyn i denne saka.

Dokumentet gjeld som nemnt ei sak av stor offentleg interesse.

Me bed om rask handsaming, i tråd med offentleglova.

Med venleg helsing
Redaktør Sigbjørn Linga
Hordaland Folkeblad
Tlf.: 415 66 112

> Hei

>

>

> Viser til epost 6.1.16, og epost av 7.1.16 om innsyn i

> kvalitetssikringsrapportar, innkallingar til og referat frå alle møte

> i styringsgruppa for Kvammapakken i 2015, med vedlegg.

>

> Det stemmer at Hordaland fylkeskommune har sendt

> kvalitetssikringsrapport til medlemmene i styringsgruppa i

> Kvammapakken. Vi har vurdert at rapporten er unnateke offentleggjering

> inntil styringsgruppa har handsama denne, og såleis fått gjort

> vurderingar av innhaldet og om leveransen frå konsulent er godkjend.

> Det er planlagd å handsame rapportane i neste møte, 12. februar. Dermed er heimel for utsett offentleggjering etter § 5, 1.

> ledd i offentleglova. Deler av rapporten vil då bli unnateke etter §

> 23, 1. ledd (konkurransen mv), også etter at den er handsama.

>

>

>

> Styringsgruppa sin intensjon har heile tida vore å offentleggjera

> hovudkonklusjonane i anslaga/kvalitetssikringsrapporten.

>

>

>

> Når det gjeld dokument til styringsgruppa viser vi til sak 2016/224.

> Her har vi no arkivert dokumenta knytt til styringsgruppa i 2015.

> Samferdselsavdelinga overtok leiinga av styringsgruppa hausten 2015,

> og vi vel derfor å samle dokumenta knytt til dei tre møta i
> styringsgruppa for
> 2015 her . Referat frå siste møtet ligg ikkje føre enno. Statens
> vegvesen er sekretariat for Kvammapakken.
>
>
>
> Legg ved dokumenta frå sak 2016/224, som er offentlege.
>
>
>
>
>
>
> Venleg helsing Håkon
>
> Håkon Rasmussen
>
> Fylkesdirektør samferdsel
>
> [hfklogo-epost3]<<http://www.hordaland.no/>>
>
> www.hordaland.no<<http://www.hordaland.no/>>
> Tlf: 55 23 93 50
> Mobil: 48 29 80 90
> Epost: hakon.rasmussen@hfk.no<<mailto:hakon.rasmussen@hfk.no>>
>
>
>